

aust og andre stader i landet. Han var geolog og hadde funne ut at grunnen var den geologiske formationen som var mykje den same på flatbygdene på Austlandet som i grannelandi. Det var so på lag han ordleidde seg. Eg gjev att innhaldet etter minnet.

Stortingsmann Grivi gjorde straks narr av ein synsmåte som låg so langt av leid, og bad Brøgger i staden halda seg «upp i dagen».

Og rett var det. Geologien hev ikkje noko å segja for det nationale huglaget. Men dei stendige svenskekrigane so mykje meir. Det er i samhøve med all historisk røynsle.

Eg hev her skildra ei socialpsykologisk ovring (eit socialpsykologisk fænomen) til ettertanke for folk, men utan klander mot vedkomande sociale flokk eller masse.

XXV.

Sidemerknad. Instinkt i åndsvitskapane.

Ein jurist må ha eit godt rettsinstinkt eller rettsvit. Elles er den største kunnskapen eller lærdomen som gull i grisetryne*.

Likeins er det t. d. med ein filolog. Stor lærdom er ikkje mykje verdt utan godt målvit eller eit fint målinstinkt.

I åndsvitskapane elles — eg kann halda meg berre til dei — gjeld det same. Noko undantak kann ikkje gjerast for sogegransking. Sogegranskaren finn ikkje alt i arkivi, kanskje ikkje eingong det som er mest um å gjera. Og det han finn, gjev ikkje alltid rette eller pålitande opplysningar.

I Kielfreden var det svenskane som fekk inn eit skil-

* Etter Vinje, som sa det reint generelt so: «Lærdom er forutan vit som gull i grisetryne.»

ord um at Norig skulde vera eit serskilt rike som var sameint med Sverik. Soleis ikkje ein lut av Sverik. Um Pommern og Rygen som Sverik skulde lata Danmark få, var det derimot sagt at dei skulde verta innlema i Danmark og soleis ein lut av dette riket.

Danskane hadde inkje i mot den skipnaden at Norig vart ein lut av Sverik, når dei fyrst laut gjeva avkall på landet. Kvifor vilde so ikkje svenskane? Opplysning i noko arkiv finn ein truleg ikkje. Og det hev vore mange gissingar um den sanne grunnen til den svenske raustleiken her.

I eit lite skrift: 1814 og 1905, ser leg frå ein folkerettsleg synsstad, var eg inne på den tanken at dette skilordet skulde vera eit agn for nordmennene. Gjorde dei motstand mot unionen med Sverik, kunde det gå so gale at Norig vart innlema i Sverik. So nordmennene hadde noko å tapa eller våga med væpna motstand. Det er kanskje noko i denne synsmåten. Men eg er no komen meir og meir til den yvertyding at det helst var ein svensk innanrikspolitisk grunn som låg attum. Heile det tettgrendte Vest- og Sør-Sverik (Båhuslen, Halland, Skåne og Blekinge) var so nyst hervunne, at folket i desse landslutene ikkje enno var melt og hadde vorte heilt ut svenskar. Kom so folket i heile Norig attåt, vart gamle-svenskane eller dei som var heilt upp svenskar, lett i mindretal, noko som ikkje var nett hugnadsamt i eit land med folkestyre (riksdag).

Og endå um ein tenkjer seg at svenskane rådde grunnen i riksdagen når dei heldt i hop, kunde dei vera kløyvde i parti. Då var det råd for nordmennene i flokk og fylgje å gå snart med det eine partiet, snart med det andre, og på den måten freista å setja sine saker igjenom. Ikkje dette heller var noko gildt frå ein svensk innanrikspolitisk synsstad.

Nei, då var det mykje hyggjelegare å ha Norig til underbruk med svenske garnisonar i festningane og andre stader der det var turvande eller høvde. Og so lata landet, fyrebils i minsto, vera eit serskilt rike som ikkje hadde noko i den svenske riksdagen å gjera. — —

Kva mission krunprinsen Kristian Fredrik i røyndi hadde her i landet frå dansk synsstad, då han vart send hit upp på ei tid det lakka og leid mot enden med unionen millom landi, eller i minsto såg spøkjelegt ut i det stykkjet, finn ein snautt noko um i arkivi. Det er ikkje slikt statsmennene gjev frå seg skriftleg.

Men det han gjorde og det han ikkje gjorde etter Kiefreden 14. januar 1814, syner klårt nok at han skulde sjå å få det so til, at unionen med Danmark kom uppatt i ei eller onnor form, um ikkje plent i ei so idyllisk ei frå dansk synsleite som den gamle.

Vegen laut då leggjast um ei norsk sjølvstendering, norsk grunnlov og med Kristian Fredrik til norsk konge. I grunnlovi laut det setjast at kongen kunde taka imot krana i eit anna land når Stortinget samtykte. Dette vart fastsett i § 14 i Eidsvollgrunnlovi. Til samtykkjet trongst det 2/3 av røystene. Etter § 13 skulde ikkje Kongen bu utanfor dei grensune Norig då hadde, lenger enn 6 månader um gongen, Stortinget uspart. Det samtykkjet som her var turvande, kunde gjevast med vanlegt fleirtal. Denne skipnaden som soleis var lagd til rettes for ein ny union med Danmark, fekk Kristian Fredrik sjå å få godkjend gjenom diplomatiske tingingar. Det var då serleg England, landet med det frie folkestyret, han sette gode voner til. Eit folkestyrt land kvitte seg vel for å vera med og tvinga eit anna fritt folk inn i ein union som det hadde so mykje i mot.

Men å føra ein energisk krig med Sverik til vern um sjølvstendet fall Kristian Fredrik ikkje inn. I samhøve

hermed var det rimelegt at det ingen ting vart gjort til å få turvande tilførsle til landet i den tid blokaden var avteken, so innførsla var fri.

Ingen energisk krig med Sverik til vern om sjølvstendet. Anten greidde me oss når me sette oss til motverje alt me vann, so svenskane laut godkjenna Norigs sjølvstende. Og i det fall var det stor fåre for at sjølvkjensla hjå folket kom til å stiga, so det ikkje vilde vita av nokon ny union med Danmark når den tid kom då Kristian Fredrik vart konge der. Og Pommern og Rygen, det viktigaste vederlaget som danskane skulde ha for Norig etter Kielfreden, gav svenskane då ikkje ifrå seg. Det sa seg sjølv.

Fekk svenskane yvertaket til slutt etter ei hardsett norsk krigsførsle, var det lett å rekna seg til at Danmark ikkje då heller fekk Pommern og Rygen.

Kunde derimot Norigs sjølvstende bergast i 1814 etter diplomatisk tinging, hadde nordmennene Kristian Fredrik å takka for alt. Nokor norsk sjølvkjensle som skulde hindra ein ny union med Danmark, var det då ingen fåre for. So desse tyske landskapi gav danskane då avkall på med lett hjarta.

I samhøve hermed var det rimelegt at den norske hovudheren som Kristian Fredrik hadde kommandoen yver sjølv, endå han ingen krigar var, drog seg attende utan slag. Det var ein krig på læst. Og likso rimelegt var det at nordmennene beit kvast ifrå seg på små krigstiler der han ikkje hadde kommandoen*.

Det kunde vera ei von um at ein krig på læst kunde svenskane tōla, og likevel gjeva frå seg Pommern og Rygen (og dei andre fyremunene som Danmark skulde ha i vederlag for Norig).

* Folkeharmen her i landet yver krigsførsla på hovudkrigstilet gjekk ut over dei generalane som stod like under Kristian Fredrik. Dei fekk ein hard dom for krigsretten. I Høgsteretten vart domen lempa noko, og i nokon mun fekk dei òg nåde.

Men svenskane gjorde no vanskar likevel då det kom til stykkjet. Som von var. Dei hadde ikkje i Kielfreden gjeve Danmark store fyremuner utan på det sjølvsgagde vilkåret at dei ikkje fekk noko plunder med Norig. Dei visste at nordmennene stod med ein her som var sterk etter måten, i eit land som var heilt annleis lett å verja enn Holstein og Slesvik.

Det enda med eit forlik millom Sverik og Danmark. Sverik avhende Pommern og Rygen til Prøysen. I ei avtale millom Danmark og Prøysen fekk Danmark det vesle *Lauenburg* som låg inntil Holstein, og likeins dei 600 000 riksdalane som stod att på den summen i pengar som Sverik skulde betala for Norig. Sverik på si side vart so kvitt dette kravet, og fekk dessutan hjå Prøysen 3½ miljon prøysiske kurant-riksdalar, som svarar til 4 800 000 svenske riksbank-pengar.

Den svenske kongen og krunprinsen fekk sameleis yverført til seg eit krav på 716 000 svenske riksdags-pengar, som Russland hadde på Sverik.

Den pengesummen som svenskane soleis slo ut, var ikkje liten etter pengeverdet den gongen, og dei fekk truleg på denne måten fullt vederlag for utgiftene med herferdi i Norig i 1814.

Då so alt dette var avgjort, vart Sverik og Danmark samde um Wien-utsegnen (*Wiendeklarationen*) frå 7. juni 1815. Ho fastsette at vilkåri i Kielavtala skulde stå ved lag med den lemping som fylgde av den nye skipnaden med Pommern og Rygen.

Hjå oss segjer folk so ofte sentimentalt: Då Kristian Fredrik hadde lagt ned kruna i hendene på umframstortinget oktober—november 1814, drog han seg «sjuk og hugfallen» attende til Bygdøy. Med «sjukdomen» var det visseleg ikkje verre enn som so: Etter Moss-avtala 14. august 1814 skulde Kristian Fredrik finna på ei eller onnor fyrebering til å segja kruna i frå seg so

snart det nyvalde stortinget var kome saman. Sjukdom er lettast å triva til i slike tilfelle.

«Hugfallen» derimot var Kristian Fredrik nok, men ikkje av umsyn til Norig, men av umsyn til Danmark. Det kunde tenkjast at krigen, endå den norske kongen hadde ført han berre på læst, likevel kom til å gjera so mykje at svenskane ikkje vilde gjeva frå seg vederlaget for Norig utan på ymse vilkår.

Tingingane um den luten av den dansk-norske statskuldi som skulde falla på Norig i samhøve med Kielavtala, viste til fullnads at danskane ikkje leid av noko slag blautvorenskap av umsyn til oss.

Når ein ser Kristian Fredriks arbeid i Norig etter Kielfreden ut i frå den synsstaden eg her hev lagt til grunn, går reknestykkjet upp. —

Det som no er sagt, semst eller samstavar godt med dei danske forsvarsåtgjerdene då krigen med Sverik var i kjømdi. Etter dei politiske tilhøvi den gongen kann ein tenkja seg 3 alternativ for den politiken som danskane skulde føra forsvarskrigen for:

1. Å halda uppe unionen både med hertugdømi Slesvik og Holstein og med kongeriket Norig. Soleis verja den skipnaden som då var. Det vilde danskane helst. Men det var noko vågalt å setja alt inn på dette kortet, soleis som den millomfolkelege politiske stoda den gongen var.

2. Å halda på unionen med Slesvik og Holstein, men gjeva Norig ifrå seg til Sverik mot so stort vederlag som det var råd å slå ut på nokon måte.

3. Å halda på unionen med Slesvik og Holstein, og so gjeva Norig ifrå seg til Sverik, men utan freistnad på å få vederlag.

Danskane valde då å føra forsvaret etter det politiske alternativet nr. 2, det næst beste frå deira synsleite. I samhøve hermed var det berre ein liten strids-

styrkje dei sette inn på det direkte forsvaret for Slesvik og Holstein. Endå um svenskane hersette hertugdømi, visste danskane svært godt at dei fekk dei lett att so snart dei gav Norig ifrå seg, serleg um dei sytte for å ha hovudheren sin ståande på ein lagleg stad, fullt krigsfør. Denne laglege staden var Fyen. Når hovudheren stod der, kunde ikkje C a r l J o h a n med den svenske heren og den Hanseatiske legionen som han hadde kommandoen yver, so lett våga seg lenger nord i Jylland enn på høgd med Fyen. Gjekk han lenger nord, stod han den vågnaden at danskeheren gjekk yver Litlebelt og gjorde åtak i flanken og i ryggen og skar av tilførslevegane til svenskeheren mot sør. Carl Johan kunde då koma til å stå som i ei felle.

Det er lett å skyna at denne strategiske stoda var reint framifrå for danskane når det galdt å tinga um fredsvilkår i samhøve med alternativ nr. 2 ovanfor.

Soleis kunde dei setja igjennom å få eit heller stort vederlag for Norig, endå Carl Johan hadde hersett hertugdømi i ei snøggvende og var sigerherre so langt.

So fekk den danske krunprinsen freista å berga unionen med Norig gjenom ei norsk sjølvstende-reising og diplomatisk tinging med stormaktene. Lukkast so det, fekk danskane alternativ nr. 1 sett igjennom på ein måte som var både billeg og lite vågsam. Og som fyrr sagt: Pommern og Rygen og det andre vederlaget for Norig i samhøve med Kielfreden var det då ikkje so nett med.

Men no lukkast det ikkje å få uppatt unionen med Norig på den måten som tenkt var. Den diplomatiske tinging mislukkast heilt ut. Og vederlaget for Norig som danskane fekk fastsett i Kielfreden, kunde det òg verta i minste laget med. Inkje under at den danske krunprinsen vart h u g f a l l e n eller endåtil h u g b r o t e n då han skyna at det bar den vegen, eller i vissa k u n d e skeiva seg so til etter alt det som låg fyre. — —

Det var i 1299 at hovudstaden vart flytt frå Bergen og til Oslo. Dette er eit hende i saga vår som hadde ein verknad, etter alt det ein skynar, som er for lite på-ansa i vitskapen. Bergen var den store handelsbyen som låg noko so nær midt på sjøleidi, i minsto når ein tek umsyn til folkesetnaden. Byen hadde sjølv Norig på den eine sida og dei norrøne utbygdene: Orknøyanne, Hjaltland, Færøyanne, Island og Grønland på hi. Soleis låg Bergen midt i Norigsveldet, som var bygt upp på sjøferdsla eller på handelsfloten og krigsfloten. Til lands var her den gongen veglaust på lag. So sjøen var mest den einaste faryegen for ferdsla. Og Viki var ikkje nâme nær etter måten det ho no er for det økonomiske livet. Det kann ein skyna um ein berre bit seg merkje i den ting at noko yver hundrad år tidlegare var ho noko som Erling Skakke tykte han høveleg kunde lova burt til danskekongen i fall son hans (Magnus) vart konge i Norig elles.

Oslo låg i enden på sjøleidi, inst inn i ein lang fjord, som endåtil var tilfrosen 2—3 månader um året. So Oslo var i sanning ein avkrok i sterk motsetning til Bergen.

Når det galdt ferdsla til sjøs, livsnerven til landet, var det mykje på kongen og stormennene å lita korleis det gjekk med henne. Og når dei var samla i Oslo eller derikring i staden for i Bergen, var utfallet lett å rekna seg til; for Oslo var ikkje den gongen rette staden til å halda uppe eller reisa uppatt sjøferdsla ifrå. I det stykkjet var Oslo og Viki nettupp avkroken.

Derimot hadde Oslo eit geografisk lægje som var sers laglegt for unionspolitik. Og det gjekk ikkje meir heller enn 20 år etter hovudstaden var flytt, fyrr me hadde den fyrste unionen med Sverik (1319). Når Norig og Sverik var sambundne, låg Oslo i midten med Sverik på den eine sida og Norig på den andre. So det var rimelegt at unionspolitiken, som vart til den store politiske

vanlagnaden vår, fekk ein god grorbotn her i landet so snart Oslo var hovudstaden. Her kann ein merkja seg ein serskild ting: Når Norig og Sverik kom saman i ein union, var det, jamvel etter tilhøvi elles den gongen, meir tilgjevande eller rimelegt frå eit norsk synsleite at hovudstaden var flytt, enn um kongen berre var norsk konge.

Um Bergen hadde halde ved å vera hovudstaden, var tanken på ein slik politik ikkje so lett oppkomen eller hadde fenge slik vind i segli.

Derimot hadde kolonialpolitik lege mykje nærare med Bergen til hovudstad. Me hadde alle bru-steinane yver til Kanada: Orknøyane, Hjaltland, Færøyane, Island og Grønland. Då so Amerika vart oppdaga på nytt, og dekkskip bygde, so ferdsla yver havet var lett etter måten, laut me ha vøre i Kanada fyrr noko anna europèisk folk.

I staden for å driva ein sjølvstendig kolonialpolitik, førde den skandinaviske unonspolitikken til at me vart med i striden um Østersjøherredømet, ein strid som ikkje kom oss ved på nokon måte, og var berre til skam og skade for vårt land.

Det store tyske folket hadde like til 1806 det politiske centret sitt i Wien. Denne byen låg umåteleg lagleg til for Donaupolitik, som det gamle tyske keisarriket og dreiv til fullkomenskap. Derimot var det vesle Holland, som stod utanfor Det tyske Riket, og vart endåtil formelt kvitt spanskestyret i 1643, som førde ein veldig kolonialpolitik.

So ein ser kor umåteleg mykje det politiske centret hev å segja for den politiken eit land fører.

I unionen med Danmark kom Oslo reint i bakleksa. Frå heile landet kunde folk sigla med eitt slag vind til og frå Kjøbenhavn, men til og frå Oslo laut folk ves-tanfor sørenden av landet leggja seg til å bia på byr ved

Lindesnes eller der i kring, um dei vilde ha medvind framleis på ferdi.

Det er no snart 650 år sidan hovudstaden vart flytt frå Bergen og til Oslo. Og store skifte er påkomne i denne lange tid. No er ikkje Oslofjorden lenger tilfrosen nokre månader um året, og skipi slepp å bia på byr ved Lindesnes. Skogane på Austlandet som mest låg avsides, var ikkje stort verde i 1299 og den næraste tidi etter. Vestlandsskogane låg meir lagleg til og vart då òg avsnøydd for ca. 300 år sidan. No derimot er skogane på Austlandet ei uhorveleg rikdomskjelde og hev gjeve grunnlaget, beinveges og umveges, for ein veldig industri. Og Oslo er centrum for eit godt vegnett som snart går frå den eine landsenden og til hin. Millom vegane er òg jarnvegar. Dei nye tekniske framstig i jordbruket hev hjelpt fram Austlandet, serleg flatbygdene, sterkare enn Vestlandet, noko som ligg i naturtilhøvi.

Like til i kring 1840 var folketalet i Bergen større enn i Oslo. Og i eigenskapen handelsby var Bergen lengje den fremste, endå ein tek Norig, Danmark og Sverik under eitt. Soleis sa Kristian den fjerde i 1638 at Bergen hadde mange gonger so mykje handel som Kjøpenhamn.

Då Stortinget i 1816 skulde velja hovudsætet for Norigs Bank, heldt Odelstinget på Bergen, Lagtinget på Oslo. Saki vart so avgjord i sammøte der dei valde Trondheim med 41 mot 38 røyster*. Dette er òg noko som bør minnast når ein gjer samanlikning millom Oslo og Bergen endå so seint som i 1816. —

No er som sagt tilhøvi andre enn dei var i 1299 og dei fyrste hundradåri deretter. Men det må ikkje få oss til å gløyma at det laut kjennast sers urimelegt den gongen at Oslo skulde vera hovudstaden. Og at so denne kjensla på si side forde med seg at Kongen og stormen-

* Haffner: Stortingets lovbehandling s. 224.

nene som hadde miljøet sitt i Oslo eller der i kring, vart svært huga på samband med Sverik, ein hug som ikkje lett hadde kome upp um miljøet deira hadde vorte verande i Bergen og på Vestlandet. Når so unionspolitikken fyrst var komen i sving, greidde den låke lagnaden at enden på visa vart den meinslege og lange unionen med Danmark.

XXVI

Nokre tilleggsord um norsk måldyrking.

Det som alt er sagt um norsk målføring, t. d. um norsk stilgrunnlag, gjeld òg norsk måldyrking. Likevel synest eg det er best å taka med nokre ord um sjølvne måldyrkingsarbeidet, endå eg i det fall er nøydd å koma inn på sumt av det eg hadde fyre meg tidlegare.

Norsk måltilfang må nyttast ut utan skil kvar det finst, vestanfjells, austanfjells, nordanfjells eller sunnanfjells. Ein norsk måldyrkar lyt difor sjå lenger enn til si eigi bygdegrense. Ein vestlending brukar soleis det gode vikkværske ordet *a t a l* når det høver, og yverlet det ikkje berre til vikkværingane sjølv*.

»Ein heve gøymt det hin heve gløymt,
og so skal allting finnast.«

På hi sida er det so, at mangt og mykje i bygdemåli kann ikkje koma med i eit skriftmål eller kultur-mål for heile landet. Det av mange grunnar. Soleis kann ein minnst at det ikkje alltid er eitt og det same ordet for same ting eller tanke i alle målføri. Ordi eller

* *A t a l* er eit sermerkt ord som ikkje svarar til noko anna heilt ut, *U l i d a n d e*, *e g g j a n d e*, *p å g å a n d e*, *n æ r s ø k j a n d e*, leid gjev att meiningi noko so nær.